

Pitt vurderer Smith-oppfølger

LOS ANGELES: Skuespillerne **Brad Pitt** og **Angelina Jolie** skal vurdere å lage en oppfølger til «Mr. and Mrs. Smith». Paret, som ble forelsket under innspillingen av filmen i 2005, skal ha lyst til å lage en oppfølger som kan få følelsene på plass igjen i forholdet deres. Brad Pitt, som filmet «Mr. and Mrs. Smith» mens han fortsatt var gift med Jennifer Aniston, har bedt manusforfatteren Simon Kinberg om å skrive en oppfølger til den romantiske actionfilmen. **NTB**



Dybdahl satser i Storbritannia

OSLO: Til høsten skal **Thomas Dybdahl** på turné i Storbritannia. Målet er å slå gjennom blant britiske musikklyttere. – Å lansere meg i Storbritannia er en fulltidsjobb og mer enn det. Det blir som å rykke tilbake til start. Vi skal spille i små klubber og turnere til vi ikke orker mer, sier Thomas Dybdahl. Dybdahl holder ingen egne konserter i sommer. I stedet lader han opp til høstens turné i Storbritannia. – Storbritannia er et stort og vanskelig marked. Man må satse for alt det er verdt. Hvis ikke kan man like gjerne la være, sier Dybdahl. **NTB**



Englarna fanst også i regnet i Vikedal

Ute vart det mørkare og mørkare. Inne på dansegolvet vart tangoane tettare og tettare. Laurdag var dansegleda stor i Vikedal.

Tekst: **PEDER LUNDEGÅRD**

VIKEDAL: Sommarfestival?

Då bandet «PK og Dansefolket» opna dansegallaen mens regnet hølja ned litt før kl 21.00, var kan hende til og med festivalsjef Ingebjørg Gjerde litt spent.

Men då Haugesunds Avis møtte leiaren for bandet, Per Kristian «PK» Støbbakk, bak scena litt før opninga var han ikkje uroa i det heile.

– Vi sunnmøringar let oss ikkje uroe av ein vasskvett. Dansefolket kjem, ver du sikker, ler han.

Spesielt folkeferd

Og smått om senn kom dei, frå bubilane, frå båtane og frå campingplassane i Vikedal.

For dansefolket er eit spesielt folkeferd. Rett nok var dei innfødde i fleirtal, men mange var rimeleg langt borteifrå.

– Dette må vi berre få med oss, var kommentarane til fleire.

PK Støbbakk godprata med publikum undervegs, fortalde litt om tekstane og bakgrunnen.

Folkevandring

Men då dei kjende profilane frå Ole Ivars entra scena og «Jag trodde anglarna fans bara, bara i himmelen» strøymde ut over Vikedal, båthamna og bubilane,



TREKKPLASTER: Ole Ivars fekk dansefolket på beina.

FOTO: **PEDER LUNDEGÅRD**

vart det ei lita folkevandring.

I eit kort intervju med William Kristoffersen i turnebussen til Ole Ivars, fortalde han om eit hektisk og lite glamorøst turneliv.

På spørsmål om kva som er vegen vidare for Ole Ivars, dreg han på det.

– Nå vann vi Gullskoen sist

helg. Det må vere Æresprisen som årets Spellemann. Den heng høgt – og den har vi lyst på!

På dansegolvet

Inne i teltet slår vi av ein prat med Berit Harrie og Ivar Kåre Døssland frå vel!

«Om lag 1.200 var på dansegallaen»

Ingebjørg Gjerde, festivalsjef

Uskedalen. Dei er på dansegolvet heile kvelden.

– Vi kjem frå Uskedalen nå i dag, og skal heim i kveld. Dette er livet!

Erna og Tore Eike kom toeine frå Sola. Kvifor?

– Du spør – for å danse

Ute vart det etter kvart mørkare, inne på dansegolvet vart tangoane tettare og dansegleda større.

– Om lag 1.200 var på dansegallaen, opplyser ein glad festivalsjef.

Fredagen i finvêr var enda betre.



FRÅ SOLA: Erna og Tore Eike kom frå Sola for å danse.



FRONTFIGUR: Per Kristian Støbbakk i PK & Dansefolket – triveleg og engasjert sunnmøring med meiningar også om snobbisme i musikkmiljøet.



DANSEGLEDE: Berit Harrie Døssland og Ivar Kåre Døssland frå Uskedalen kom til første dans og var til den siste, før dei reiste heim til Uskedalen etter dansen.